Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39. Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Sauherad.

Emne: Høgtidsmat ved fam. festar Bygdelag: Nes og Sauherad.

Oppskr. av: Torjus Bergan Gard:

(adresse): Gvarv G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Mest frå mor mi — fødd 1872.

SVAR

1. Det har vori og er framleies fast skikk.

2. Ingen regel for det, men sjølvsagt hende det at kjømmingar la over om å gjera viljinga samstundes.

3. Før var „sendinga" graut.

4. Nærmaste slekta kom fyrst. Barselkonas mor og svigermor kom gjerne alt 2. eller 3. dagen etter fødselen.

5. Bare ein gong etter kvar barnefødsel.

6. Graut. Risgraut med tjukt lag av fløtegraut („rømmegraut") ovapå. Feittet av fløtegrauten tok dei med på flaske og tømde det så utover grauten når dei skulle bera han fram. På grauten strøydde ein sukker (og gjerne kanel) Raffinadestykker vart og stukne ned i grauten.

7. sjå 5.

8. Grauten blei sendt i grautespann av tre. Dei sto på tre bein og hadde lok. Dei var rosmåla og fint påsegggjort, somme tider kunstner-

8540

isk utförde.

9. Ja, men ein nytta vel ikkje annan graut enn den som er omtala i 6 i slike höve.

10. Kona skulle gå. Var ho ikkje istand til det, gjorde döttrene det. Tenestgjentene vel bare i naudsfall.

11 Det var ikkje vanleg at mannen var med. Hende det, var det når det var naudsynt for skyssa si skuld. Noko usømmeleg såg ikkje folk i det.

12. Dei kom så tidleg råd var på föremiddagen og vart til kvelds, og det vart mottekne på det beste. Ingen skilnad på gut og gjente

13. Ikkje noko namn på slike sendingslag, men konene vart kalla „grautkjerringar" Til fleire det kom, dess gildare var det.

14. Kjenner ikkje slik skikk her.

15. Dei kjende det ikkje som plikt, men dei næraste av slekt og grannar fann nok oftast å måtte gjera det. Det var nok skilnad i dei ymse höve — om ein hadde sympati med mora eller ikkje.

16. Rundt okr. skiftet (1900) vart det eit skifte. Ein gjekk over til kaker, barnetöy, seinare til gaver til barnet.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

17. Ikkje før. Men var mannen med, gav han gjerne „på vogga". Det var da helst litt pengar. Det samme blei gjort i dåps-laget.
18. Enda kommer endel med graut, andre med kaker, andre barnetøy eller gaver til barnet.
19. Nærmeste skyldfolk.
20. Ja.
21. Ingen fast spisesetel. „Sending" hende det nok at ein hadde med, men ikkje fast skikk.
22. Ingen skilnad såleis. Ein gav etter som ein hadde det.
23. Nå brukar dei „faddergåver."

24. Svært sjeldan.
25. Ved „runde tal", og ofte ikkje det heller. Borna hugsar no foreldra sine på åremålsdagen, og serleg ved fyllte 5. og 10 år.
26. Kven som vil. Svært sjeldan at ein bed gjester til slike dagar.
27. Alle som vitjar ein har gave med, og andre som ynskjer å syna venesæmd og vørnad sender gåve eller telegram eller helsing på annan måte.
28. Kjenner ikkje til det
29. Har leki til med det når det gjeld barn, men det er ny skikk.
30. Konfirmasjonen blei feira som

8540
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

familiefest: Besteforeldra var om mogleg tilstades. Elles lite gjester.

31. Ja, serleg etter första verdenskrig.

32. Ingen fast skikk. Men närmaste skyldfolk og lærarem blir ofte bedne. Likeins konfirmantens beste vener.

33 Nei, det er ikkje vanleg.

34. Ja. Alle gjestene har gåver. Andre gode kjenningar og slektningar sender og. Andre sendi telegram eller kort.

35. Nei.

---

36. Nei, det har ikkje vori skikk her, om det kanskje har hendt.

37. Det er ikkje vanleg no heller.

38. a. og b. 1: Skjenk (Dram og öl) 2. Formiddagsmat (för dei drog til kyrkja): Sendingsmat som gjestene hadde med, lutefisk med smör, kaffe.
3. Middag: Kjöttsuppe med kjött og flesk. (ikkje dessert)
4. Kaffe med „brurekake" (normalt sukkerbröd) Denne kom gjestene med.

c) Dei heldt seg stort sett til desse rettene som er nemnde.

d. Nei, kan ikkje seia det.
Gjestene skulle „gjeva i kokkesleiva" d.v.s. gjeva pengar til kokka. Ein av gjestene tok seg av dette. Dei gav nok og til spelemannen. Dei nytta da denne regla:

8540

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

„For ein skilling eller to
er du mannen like god.
Så takkar eg deg,
og så gjeng eg min veg.
Og så legg dei ein skilling
uti sleiva til meg."
Men dei nytta ikkje sleiv
til å leggja pengane i
det folk brukar no, men
ein hatt eller eit fat o. l.

39. Gjestene skulle ha „sendinga" med
seg til bryllupsgarden på bryllupsdagen.
„Sendingskorga" skulle vera full.
Såsnart dei vart bedne til bryllups
var det å kjøpa bryllupskakane (eller
bake dei) Det skulle vera kveitekaker.
Dei kjøpte 10 kaker hjå bakaren i Skien
(gjennom handelsmannen) ca. 1880-90.
Midt i korga la dei ei kake med
flatsida (steikesida) opp. Rundt kan-
tane reiste dei opp kaker. På kaka
i midten sette dei ei skål (eller bolle)
med smör. Eit stort handkle
vart lagt i botnen og endane
vrelte saman over sendinga.
Utapå eit „korgeplagg" av rosut töy
(i eldre tid av heimevove töy
med render i fargar) Utapå dette
plagget vart surra eit „oppstakks-
band", ei ca. 1" breidt band.

40. Smöret vart utstaffert med
render og teikningar gjort med
ei skei eller gaffel.

41. Nei, kjenner ikkje til dette.

42. Sending.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8540

43. Gjestene tok sendinga med seg.
44 Faller vekk.
45 — " —
46. Et brød skulle sendast attende i sendingskorga. Ingen bestemt regel for kven skulle ordne dette.
47. Nei, i allefall svært sjeldan no.
48. Ja, men oftast i heimane.
49 Ja, det hender ikkje så svært sjeldan.
50. Får nok gaver frå dei nærmaste likevel.
51. Sølv- og gullbryllup.

— " —

52. Slekt, grannar og gode vener og arbeidskameratar til den döde.
53. 1 dag. Formiddagsmat, middag og kaffe (ev. kveldsmat)
54. Servert på langbord.
55. Kjenner ikkje til det.
56. Nei
57. Før alltid i heimen. Det hendte bare einskilde gonger at ein husmann vart gravlagt frå garden.
58. Gjestene hadde sendinga med seg.
59. Som til bryllups.
60. Faller bort.
61. Nei.
62. Kjenner ikkje til gravøl over meir enn 1 dag.
63. Dram i gravøl vanleg før. Nå heilt slutt.
64. Ja, det er nok så. Ein tek ikkje no med kake til bryllups, derimot er det heilt vanleg til gravøl.

8540

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

65. Skjenk: 1. Et glas øl med kaker til (nokon brukar ogsø 1 glas vin) 2. For middagsmat med ein varm rett – karbonade.
3. Middag etter heimkoma frå kyrkja: Suppe (tomat- eller grønsaks.suppe) Kjøttrett og dessert (oftast- rispudding)
4. Kaffe og kaker.
66. Nei.
67. Det hender – serleg hvis plassen i heimen er liten.
68. For ca. 50 år sidan
69. Rundt århundreskiftet.

---

70. Nei, kan ikkje seia det.
71. Den blir nok feira i det små. Borna gjev gjerne mor gaver og hjelper henne med arbeidet.
72. Nei, det er eikkert svært sjeldan
73. Nei.
74. Vel helst ved reklamen i avisene.
75. Gjennom avisene helst.

8540

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING